

Referat frå møte i FAU ved Nesflaten Oppvekstsenter

Onsdag 11.sep - 2019

Desse møtte:

Lena Bråtveit, Anne-Ly Havrevoll, Oddny Endresen, Nina Bjørnetun, Ann Elisabeth Langeland og Kjersti E Tveit

Sak 1: **Konstituering**

Leiar: Ann Elisabeth Langeland

Nestleiar: Kjersti E Tveit

Kasserar Nina Bjørnetun

Sak 2: **Møteplan 2019**

Det vart bestemt at me skal ha følgjande møter:

- November 2019, blant anna planlegge juleavslutning
- Mars 2020
- Juni 2020

Leiar kallar inn til ekstra møte om det vert naudsynt

Sak 3: **5-dagars veke og friminutt**

Det er kome innspel frå foreldre om korleis og kvifor skuledagen er slik den er. Foreldre og elevar har trudd at når me gjekk frå 4- til 5-dagars skule skulle det verte lengre friminutt og lengre pausar for 1. -7. klasse. Dette er ikkje tilfelle slik det er no. Me gjekk gjennom eit skriv frå rektor, Anne Marie G Rabba, der ho forklarte korleis situasjonen er. Timetalet stemmer slik det er no, og FAU takkar for forklaringa.

Ein kan ikkje endre dette i noverande skuleår, då det krev eit omfattande planarbeid. For komande skuleår kan ein velje mellom og fortsette som no, der elevane har halv onsdag og like friminutt som no. Eller ein kan gå for eit alternativ der elevane går på skulen fulle dagar – og lage rom for lengre friminutt/pausar iløpet av dagen.

Dette ynskjer FAU og sjå nærare på, og kome med eit innspel til skulen før nyttår. Representantane for 1. – 3. klasse og 4. -7. klasse tek dette opp med resten av foreldra før neste møte. FAU ynskjer at rektor kan vere med på dette møtet.

Sak 4: **Valfag**

Det er kome spørsmål om FAU kan vere pådrivar for at skulen tenker innovativt og nytt i forhold til valfag. Med bl.a læringsbrett og få elevar er her gode moglegheiter og få det til.

FAU er einige i at det er eit viktig tema, men at det er fleire faktorar som spelar inn. Kan t.d. skulen nytte lærarressursen som er knytt til faget til og kjøpe kurs som kan gjennomførast i eit digitalt klasserom? Om kompetansen til elevanes ynskje ikkje er til stades? FAU følgjer denne saken vidare.

Sak 5: **Elevkveld**

I fjor vart det gjennomført 2 elevkveldar for 1. -7. klasse, og 1 elevkveld for heile skulen. Det var gode tilbakemeldingar på dette, og det vart bestemt og fortsette med det. Me vart einige om 3 elevkveldar dette skuleåret:

- November: Jule- eller nissetema.
- Februar: Karneval.
- Juni: Sommaravslutning

Det vart og bestemt at ungdomskulen skulle inviterast – altså at alle elevkveldane er for heile skulen. FAU kjem tilbake til nærare datoar.

Sak 6: **Ymse**

Skulebibliotek. Det har vore snakk om og legge ned skulebiblioteka og bibliotekstillinga i grendene, og samle alt på Sand. Dette er me sterkt ueinige i, då dette er ein viktig kompetanse og ressurs som trengs på kvar skule! Dette vart tatt vidare til kommunalt FAU.

Skrivar

Kjersti E Tveit